

## Inkludering som grunnleggende premiss og praktisk metode.

### Konsekvenser for kirkelig utdanning.

#### 1. HEIL kyrkje.

HEL-konferansen 2017 er inne i sin siste del. I løpet av to innholdsrike dagar har vi arbeidd med eit viktig og spennande tema «Ei inkluderande kyrkje i reformatorisk ljøs».

Vi har fått presentert KV's «The Gift of Being – Called to be at church of all and for all».

Som ei inkluderande folkekyrkje som skal vere åpen for alle, har vi arbeidd med teologisk grunnlag, praksis og konsekvens.

Vi har jobba med Likeverdige fellesskap – som utfordrer, gir muligheter og rikdom.

Og nå like før lunsj var vi delt i ulike sesjoner, der vi gjekk meir i dybden på «Mennesker med nedsatt kognitiv funksjonsevne» i GT og NT, i systematisk teologi, i misjonstenkinga og i diakonien.

Vi har prøvd å sjå samanhengen mellom teori og praksis.

Inkludering i praksis? Korleis står det til, rundt omkring? Kor inkluderande er det i menighetene? Og kanskje spør vi oss sjølv: Er menigheten så mangfaldig som den burde vere? Er det mennesker i alle aldre og alle slags livsfaser? Er det mennesker med synlege eller usynlege behov for tilrettelegging? Er det mennesker med nedsatt kognitiv funksjonsevne i menigheten? Kan vere skulle vi ynskje at det var eit større mangfald og ei større breidde.

Paulus skriv brev til menigheten i Korint. Han snakker blant anna om at kristne vi kan samanliknast med ein kropp, der vi alle er ulike lemmer.

*For kroppen er heller ikkje éin lem, men mange.*

*Om foten ville seia: «Fordi eg ikkje er hand, høyrer eg ikkje med til kroppen», så høyrer han like fullt med til kroppen.*

*Og om øyret ville seia: «Fordi eg ikkje er auge, høyrer eg ikkje med til kroppen», så høyrer det like fullt med til kroppen.*

*Om heile kroppen var auge, kvar vart det då av høyrsla?*

*Om alt var høyrsla, kvar vart det då av luktesansen? Men no har Gud gjeve kvar einskild lem sin plass på kroppen, så som han ville det.*

*Om dei alle var éin lem, kvar vart det då av kroppen? Men no er det mange lemer, men berre éin kropp. Auget kan ikkje seia til handa: «Eg treng deg ikkje», eller hovudet til føtene: «Eg har ikkje bruk for dykk». Tvert imot! Dei lemene på kroppen som synest vera veikast, kan vi ikkje vera utan.*

*Og dei lemene på kroppen som vi tykkjer er verdt mindre ære, dei viser vi heller større ære, og dei lemene som vi kjenner skam ved, kler vi endå meir sømeleg; dei andre lemene treng det ikkje.*

*Men Gud har sett kroppen saman slik at det som manglar ære, heller får større ære, så det ikkje skal vera strid i kroppen, men at lemene skal ha same omsorg for kvarandre.*

*For om ein lem lid, så lid alle dei andre med.  
Og om ein lem blir æra, gleder alle dei andre seg.  
Men de er Kristi kropp, og kvar av dykk ein lem på han.*

Paulus er veldig tydeleg: Vi er forskjellige og det er bra! Vi er skapt ulike, med ulike eigenskaper, ulike nådegaver og ulike kvaliteter. Vi er utrusta med ulike gåver – til saman utfyller vi kvarandre. For å vere ein heil kropp – ei heil kyrkje – treng vi kvarandre!

Martin Luther hadde gave til å lese Bibelen. (Heile Bibelen 2 ganger kvart år!) Han hadde sans for detaljer og grammatikk. Han kunne sjå samanhenger og med eigne ord forklare viktige begrep som til saman vart samla som i blant anna lille og store katekisme, («Kristendommens ABC» for lutheranane). Luther gjorde etter kvart ei viktig oppdaging. (Tolkninga av Rom1,17: For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: *Den rettferdige skal leva ved tru.*»)

Paulus, som Martin sette høgt, omtaler ikkje den «Rettferdigheten» som Gud krev, men den som han gjev som gave. Trua er ei gave vi ikkje kan gjere oss fortent til. Og kven har lettast for å ta imot den gava? Kan være det aller helst er eit barn eller menneske med barnleg sinn? Barn som har evne til å fryde seg og evne til å klage. Barn som er ekte og har følelsene godt synleg utanpå kroppen. Barn som tørr å spørre og er tillitsfulle. Barn som er nysgjerrige og som erfarer Gud, der dei er, i augeblikket. Barn som ikkje nødvendigvis problematiserer, men som forstår at dei er avhengige av noko større enn seg sjølv. Barn - som vi andre har mykje å lære av.

## **2. Inkludering som grunnleggjande premiss og praktisk metode – for kven?**

Også kyrkjelege ansatte er forskjellige. Vi har ulike eigenskaper, har ulike styrker og svakheter, har ulike fagfelt og engasjement.

De som er deltakere på HEL-konferansen har gjort eit bevisst valg – dette fagfeltet ville de ha fordjuping og påfyll i. Og eg reknar med at noko av ditt engasjement, handlar om inkludering - ei kyrkje for alle.

Det er for snevert at inkludering er for dei spesielt interesserte, for dei som av personlege grunner eller på grunn av arbeidsoppgåver treng fordjupning i inkludering. For kva med dei menighetene som ikkje har dedikerte inkluderings-motiverte?

For å sikre at alle kyrkjelege ansatte har eit minimum av kunnskap og kompetanse, er vi avhengig av at dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane tek høgde for fagfeltet inn i sine studieplanar. Kvifor?

### **A. Kunnskap og kjennskap gir trygghet**

Før helga hadde moralfilosof og professor Peter Singer, fra Australia, forelesning på UiO. Han var invitert til å holde den årlige Exphil-forelesningen. Ei forelesning som gjerne vert heldt av ein ledande, internasjonal filosof eller ein filosof som har utmerka seg i si forskning. Eg skal ikkje bruke tida mi på å argumentere for kven andre som heller burde fått studentanes/medias/nordmenns oppmerksomhet. Men i denne saka vert eg

påminna om at det faktisk *ikkje* er sjølv sagt at personer med høg kognitiv funksjonsevne meiner at menneskelivet er meir verdt enn anna liv, at alle mennesker er like mykje verdt, at livet har ein urokkeleg verdi i seg sjølv, og at mennesker med nedsatt kognitiv funksjonsevne har ein sjølv sagt og naturleg plass i samfunnet vårt.

Kyrkjelege ansatte treng kunnskap om mennesker med utviklingshemming og nedsatt kognitiv funksjonsevne. Vi treng kjennskap til korleis det er å vere menneske med utviklingshemming. Ikkje alle er så heldige at dei møter eller kjenner personer med nedsatt kognitiv funksjonsevne. Det som er ukjent er utrygt.

I møte med kyrkjeleg ansatte kan eg møte både usikkerhet og uvitenhet. Kunnskap og kjennskap gjev trygghet.


Trygghet som vi treng for å kunne møte enkeltpersoner og familier på ein god måte. Trygghet på korleis vise respekt og korleis inkludere.

## **B. Kunnskap og kjennskap skaper muligheter og handling**

Når kyrkjelege ansatte kjenner på både usikkerhet og uvitenhet, er det også vanskeleg å sjå muligheter og handlingsrom. *Mangel* på kunnskap og kjennskap, kan vere grobunn for fordommer og begrensninger. Men der det er kunnskap og kompetanse på inkludering, vil ein heller fokusere på muligheter og handling.

Ei inkluderande kyrkje kjem ikkje av seg sjølv. For å skape ei inkluderande kyrkje bør kyrkjelege ansatte, allereie i studiet, få basiskunnskap i *kvifor og korleis* bygge ei inkluderande menighet for og med alle.


For å skape endring: Ha fokus på det vi kan gjere/endre her og nå, så vil resultatata kome!



Eg har ei venninne, vi kan kalla ho for Bente. Når eg er saman med ho, er det Bente som venninne, som elsker å strikke, lage mat, drikke kaffe, skravle, gå tur, spele spel og flire –

eg er saman med. Eg set pris på Bente som Bente, for den ho er – ikkje for det ein ser ved fyrste augekast. Bente er mykje meir enn det - Mykje meir enn Bente med nedsatt kognitiv funksjonsevne. Når Bente fortel om sjuke foreldre og at ho som nærmaste pårørande ikkje vert respektert og behandla som det, da vert eg lei meg. Da er det noko som må *endrast*. For Bente treng, som alle menneske i ein slik situasjon, at ho får dekkja sine behov som datter, som pårørande, som eit HEILT menneske.

### 3. Grunnleggjande prinsipp og praksis



Inkluderingsstanken er djupt forankra i kyrkja si lære. Det har vi fått bekrefte og synleggjort gjennom heile HEL-konferansen.

Inkluderingshandlar om at alle mennesker bærer Guds bilde i seg. Alle mennesker er like mykje verdt. Kyrkjjas «VI» innebærer heile mangfaldet av kyrkja sine medlemmer. Vi er *heile* mennesker – der vi er. Vi har med oss vår personlighet, våre sterke sider og vår sårbarhet, vårt liv – der vi er. Det handlar om å leve heilhjerta og å tørre å stå for si eiga historie. Sårbarhet er *styrke* og *mot*, det er ikkje *svakhet*.

Ei klok dame sa ein gong: «Vi må våge å gje meir blaffen og vere feiltastiske.» Fellesskapet i kyrkja skal vere feiltastisk! Her skal det vere raust, her skal lemmene ta vare på kvarandre og vise omsorg for kvarandre. «Om eit lem lir, lir heile kroppen.» Om ein kroppsdel ikkje fungerer, må resten av kroppen bistå. Slik er det i menigheten også. Når livet er krevande, av ulike grunner, er det godt å ha eit fellesskap - som med raushet og søskenkjærlyghet tek vare på oss.

Som kyrkje er vi meint til å vere HEIL, vi skal vere fellesskap der det grunnleggjande prinsippet om inkluderings opplevast og vert erfart i praksis.

Vi som arbeider i kyrkja må ha kompetanse i praktisk metode. Skal vi vete korleis inkluderings fungerer i praksis, må vi ha teorien og prinsippet som godt jordsmonn, men vi må også kunne metodikken. Fyrst da vil «mangfaldstreet» vekse og bere frukt! Konsekvenser av menneskeverdet og alles likeverd, må vere synlege i den praktiske kvardagen i menigheten.

Eksempel:

- **Gudstjenesten:** Korleis lage gudstjenester for og med alle? Korleis kan menneskeverdet og evangeliet synleggjerast i salmer, bønner, forkynnelse og praktiske rammer? Korleis leggje til rette for eit gudstjenestefellesskap som gjev alle mulighet til å delta? Kva må til for at kyrkjekaffen opplevast som inkluderande for alle, også for dei som ikkje kjenner nokon?
- **Trosopplæring og konfirmasjon:** Kva skal til for at alle barn, og deira foreldre, opplever seg velkomen til menighetens trusopplæring? Korleis går ein fram når ein oppdager at ein unge eller ungdom treng ekstra tilrettelegging? Korleis kvalitets sikre trosopplæringen slik at alle barn og unge, uavhengig av funksjonsevne, får mulighet til å delta på en god og inkluderende måte? Korleis lage eit konfirmantopplegg som er likeverdig, for alle?
- **Universell utforming:** Kva til forhold må ein vere bevisst på for å sikre universell utforming? Kven har ansvar for kva?
- **Sorgarbeid:** Korleis sikre at mennesker med egne utfordringar, får dekket sitt behov om oppfølging som pårørande og sørgande?
- **Samhandling med helse- og omsorgstjenesten i kommunen:** Kva har kommunen ansvar for og kva har menigheten ansvar for? Kva betyr og kva til konsekvensar ligg det i «den som mottar helse- og omsorgstjenester har rett til å utøve sin tro eller sitt livssyn - alene eller i fellesskap med andre»?
- **Musikk:** Korleis bruke musikk som et unikt verktøy blant mennesker med nedsatt kognitiv funksjonsevne?
- **Tverrfaglig samarbeid:** Korleis kan tverrfaglig samarbeid på tvers av yrkesgrupper i staben stimulere til betre inkludering i menigheten?

«Dette har eg ikkje lært noko om i studiet...» - vitnesbyrd frå fleire kyrkjelege ansatte.

Skal vi ta konsekvensen av Den norske kyrkje sitt grunnlag, og at desse, blant mange andre spørsmål, er viktige i alle landets menigheter, er det nødvendig at det også konkretiserast i studieplaner der kyrkjelege ansatte vert utdanna og utrusta til teneste.

Dette er i samsvar med Kirkemøtevedtaket 2012:

4.) «For at kirken skal kunne inkludere mennesker med utviklingshemning ut fra deres egne forutsetninger og på en likeverdig måte, kreves det kunnskaps- og kompetanseutvikling på alle nivå i kirken. Kirkemøtet oppfordrer derfor institusjonene som utdanner til kirkelig tjeneste, til å styrke denne tematikken både innen grunnutdanningen og i etter- og videreutdanningen. Kirkemøtet ber om at Kirkerådet tar initiativ til å utvikle

*opplæringsprogram for menigheter og kirkelig personell som gjør kirken bedre i stand til å inkludere mennesker med utviklingshemning.»*

Inkludering må vere som ein raud tråd i studiet, som vert med gjennom bibelfaga, systematikken, i kyrkjehistoria, i religionspedagogikken, i sjelesorgen, i prekenlære og arbeid med formidling, liturgi og musikk. Å ha inkludering som eit filter teologien må igjennom, kan skape spennende muligheter for nyskaping og mangfoldige fellesskap.

#### 4. Avslutning



Vi vert aldri ferdige med å inkludere. Vi vil aldri verte utlærte, men vi vil alltid kunne lære nye ting. Kunnskap og kjennskap gir trygghet og skaper muligheter.

La oss ha Pippi`s filosofi i møte med det som kan vere nytt. Og la oss minne kvarandre på vår oppdragsgiver sitt løfte. Vi er aldri åleine: «...Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» *Matt.28.20*